

Arkiv: <arkivID><jplD> FA-L1
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 07.04.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
065/21	Utval for areal, plan og miljø	21.04.2021

1 gongs handsaming - Offentleg ettersyn & høyring - Detaljreguleringsplan for Grøn omstilling av Mongstad gbnr 127/91 mfl. PlanID 46312020006
Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«I medhald av plan- og bygningslova § 12-11, og i høve delegert mynde, legg Utval for areal, plan og miljø følgjande forslag til reguleringsplan ut til offentleg ettersyn:

Grøn omstilling av Mongstad gbnr 127/91 mfl. PlanID 46312020006, vist på plankart sist datert 26.2.2021 og tilhøyrande føresegner datert 26.2.2021 med siste revisjonsdato 16.3.2021.».

Utval for areal, plan og miljø 21.04.2021:

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.


APM- 065/21 Vedtak:

«I medhald av plan- og bygningslova § 12-11, og i høve delegert mynde, legg Utval for areal, plan og miljø følgjande forslag til reguleringsplan ut til offentleg ettersyn:


Grøn omstilling av Mongstad gbnr 127/91 mfl. PlanID 46312020006, vist på plankart sist datert 26.2.2021 og tilhøyrande føresegner datert 26.2.2021 med siste revisjonsdato 16.3.2021.».

Saksopplysningar

På oppdrag frå Asset Buyout Partners og Mongstad Eiendomsselskap AS legg Multiconsult AS fram forslag til reguleringsplan for Grøn omstilling av Mongstad. Planområdet er på om lag 1140 daa på bakkeplan og på om lag 488 daa under bakkeplan. Om lag 55 daa av planområde i nordvest ligg i Austrheim kommune. Planområdet er lokalisert på Mongstad nord i Alver kommune ved grensa til Austrheim kommune. Reguleringsplanen erstattar i si heilheit gjeldande plan for område med namn *Storhamn Mongstad*.



Figur 1: Oversiktskart med planomriss



Figur 2: Plankart 1 av 3

Formålet med reguleringsplanen er å leggje til rette for etablering av energitunnellar og landbasert oppdrettsanlegg inkludert eige osmoseanlegg for produksjon av ferskvatn og biogassanlegg for handtering av fiskeslam og klekkeri/smoltanlegg. Energитunnelane sitt formål er blant anna å utnytta overskotsenergi frå raffineriet til og redusera mengda energi som trengs ved drift av oppdrettsanlegget. For meir informasjon om denne prosessen les planomtalen kap. 2 og 5.

Planprosess og medverknad

Oppstartsmøte vart gjennomført 27.11.2020. Høyringsperioden for varsel om oppstart av reguleringsarbeid med offentleg ettersyn av forslag til planprogram varte fram til 19.2.2021. Det kom inn 1 privat merknad og 15 offentlege uttaler. Desse er oppsummert og kommentert i merknadsskjema, sjå vedlegg 11. Uttaler er samla i ei fil, sjå vedlegg 12. Merknadsmøte etter varsel om oppstart vart haldt 19.2.2021. Planforslaget vart sendt inn til 1. gongs handsaming 9.3.2021.

Kort om planforslaget

Gjeldande kommunedelplan for område er Lindåsneset med Mongstad 2010 - 2022, planID 1263-200905, sist revidert 6.9.2010. Planområde har namnet N-1 frå nemnde KDP. Av gjeldande reguleringsplan er planområdet regulert til næringsbygningar (industri, lager, kontor), hamn og hamneområde i sjø i. Næringsområda er delt inn i ulike delområde N1-N4 med maks 80% utnytting (BYA) og mellom 15-25 meter maks. byggjehøgde. Felt N3 er i reguleringsplanen tillate sprengt ned til kote +6. Dette er i dag ferdig planert. Hamneområdet har maks 30% utnytting (BYA) med maks byggjehøgde på 15 meter. Topp kote kaifront er minimum kote + 2,5. Ny plan legg opp til same hovudreguleringsformål, men detaljerer til akvakultur, og tar utgangspunkt i den utnyttinga og høgdebegrensinga som gjeldande reguleringsplan set.

Reguleringsplanen omfattar og arealformål for veganlegg med fortau, reinseanlegg for avløp, parkeringsplass, hamn, landingsplass for helikopter, teknisk infrastruktur. Bruksareal knytt til dei ulike arealformål kjem fram av planomtalen på side 27. For meir informasjon om kva som er vidareført frå dagens plan og kva som er nytt i framlegg til ny plan, sjå planomtalen kap 8.

Tilkomst til planområde er frå sør via fv. 57 Mongstadvegen. Den søraustlege delen av industriområdet har tilkomst via vegen Storemyra som er kommunal på fyrste strekket og så vidare privatveg. Nordvestleg del av planområde har tilkomst på fyrste strekket via den kommunale vegen Litlås for så gå over i privat veg. Alle vegane inne i industriområdet er elles private. Trase for energitunell er regulert og kjem fram av plankart 3. Metode for tunneldriving kjem fram av planomtalen kap. 5.11. Plankart 2 regulerer omsynssone for bandlegging av areal etter energilova.

Vurdering

I dette kapitlet kjem rådmannens førebels vurderingar og kommentarar til utvalde tema.

Konsekvensutgreiing (sjå vedlegg 5, kap. 7)

Forslagsstillar har vurdert at reguleringsplanen utløyse krav om planprogram og konsekvensutgreiing jf. Forskrift om konsekvensutgreiingar § 6 c) vedlegg 1 punkt 10, 12 og 13. Tiltak i plan utløyse og krav til konsesjon. Nærare informasjon om dette kjem fram av planprogrammet, sjå vedlegg 10 og planomtalen ved vedlegg 5. Konsekvensutgreiinga er i si heilheit teke inn i planomtalen kap. 7.

Tema som har vore konsekvensutgreidd er landskapsbilete, naturmiljø, friluftsliv, nærmiljø/lokalsamfunn, kulturminne/kulturmiljø, naturressursar, lokal og regional utvikling, tilhøve til anna planlegging, forureining og klima, og risiko ved havstigning. Dette er ei vidareføring av tema som har vore utgreidd i samband med tidlegare reguleringsarbeid på Mongstad.

Under kjem ei kort oppsummering kring dei tema som har vore konsekvensutgreidd:

For tema **Landskapsbilete** er det ikkje føreslått skadereduserande tiltak. Planen er vurdert til å ha ingen/ubetydeleg konsekvens for landskapsbilete. Sjå kap. 7.6.1.

Tema om **Naturmiljø** må vurderast i saman med rapport om naturmangfald (vedlegg 8). For deltema *Terrestrisk naturmiljø* er det føreslått avbøtande tiltak i plan at ein unngår sprengingsarbeid i hekketida for sjøfugl i perioden april - juli. Dette er sikra i føresegn § 3.9 c). For deltema *Marint naturmiljø* er føreslått avbøtande tiltak i plan at ein nyttar siltgardin ved etablering av ei eventuell fylling. Dette er sikra ved føresegn § 3.8 b). Det er og ført opp til 3 skadereduserande tiltak som vert ivareteken ved konsesjon. Sjå kap. 7.6.2.

For tema **Friluftsliv** er det ikkje føreslått skadereduserande tiltak. Planen er vurdert til å ha ingen/ubetydeleg konsekvens for friluftsliv. Sjå kap. 7.6.3.

For tema **Nærmiljø/lokalsamfunn** er det ikkje føreslått skadereduserande tiltak. Planen er vurdert til å ha ingen/ubetydeleg konsekvens for nærmiljø/lokalsamfunn. Sjå kap. 7.6.4.

For tema **Kulturminne/kulturmiljø** er det ikkje føreslått skadereduserande tiltak. Planen er vurdert til å ha ingen/ubetydeleg konsekvens for kulturminne/kulturmiljø. Sjå kap. 7.6.5.

For tema **Naturressursar** er fleire skadereduserande tiltak føreslått. Dette tema må vurderast i saman med naturmangfaldrapporta, sjå vedlegg 8. Tiltaka er vurdert å vera ivareteken gjennom konsesjon. Planen er vurdert til å ha noko forringa påverknad på fiskeriressursar og ubetydeleg endring for mineralressursar som gjev ingen/ubetydeleg konsekvens for naturressursar. Sjå kap. 7.6.6.

For tema **Lokal og regional utvikling** er påverknad samla vurdert til noko forbetra som gir noko positiv konsekvens (+) for lokal og regional utvikling. Sjå kap. 7.6.7.

For tema **Tilhøve til anna planlegging** er samla vurdering at planen og planen sine tiltak er i samsvar og følgjer opp gjeldande overordna planar, føringar og lovverk. Påverknad er vurdert til ubetydeleg endring i høve til dagens situasjon. Det gjev ingen/ubetydeleg konsekvens (0) for emnet. Sjå kap. 7.6.8.

For tema **Forureining og klima** vert følgjande skadereduserande tiltak føreslått:

«For å redusere utslepp knytt til skip/båtar som står i hamna, er eit mogleg skadereduserande tiltak å legge til rette for bruk av landstraum på ny kai. Bruk av landstraum vil redusere lokale utslepp, redusere utslepp av klimagassar og redusere støy.». Sjå kap. 7.6.9.

- Tiltaket er ikkje sikra i plan. Fram mot 2 gongs handsaming må det vurderast nærare om det skal settast krav i føresegna at tilgang på landstraum skal vera tilgjengeleg for maritime fartøy som legg til kai innanfor planområde.

For tema **Risiko ved havstigning** vert det føreslått skadereduserande tiltak om krav til minste golvhøgde for nye bygg over berekna stormflonivå, og utforming av føresegn om at viktige anlegg (pumpestasjonar for VA, el-anlegg mfl.) skal ligge over stormflo eller verta sikra mot inntrenging av vatn føreslått. Sjå kap 7.6.10.

- Tiltaka er ikkje sikra i plan. Fram mot 2 gongs handsaming må ein vurdera nærare om tiltaka skal sikrast i føresegna, eller om dette vert ivareteken av til dømes detaljprosjektering for VA, TEK17 eller via andre vilkår gitt ved løyver etter sektorlover i samband med gjennomføring av plan.

Etter offentlig ettersyn vil kommunen som ansvarleg planmyndigheit ta stilling til om konsekvensutgreiinga tilfredsstillar krava til utforming og innhald i KU, jf. Forskrift om konsekvensutgreiing kapitel 5. Krava til handsaming av reguleringsplanar som utløyse krav om konsekvensutgreiing kjem fram av forskriftas kapitel 6.

ROS-analyse (sjå vedlegg 6 og vedlegg 5 kap. 5.10)

Tabell 6.2 frå ROS-analysen gjer ei oversikt over kva avbøtande tiltak knytt til uønskte hendingar som er sikra i reguleringsplanen, og tabell 6.3 viser kva tiltak som skal sikrast ved gjennomføring av reguleringsplan og ved drift av anlegget.

TILTAK - Reguleringsplan		
Uønskt hendings:		Tiltak i planen:
Naturjevne tilhøve/naturhendingar		
1	Urban flaum / overvatn	<ul style="list-style-type: none"> Føresegn om at utarbeida VA-rammeplan må leggst til grunn for vidare detaljprosjektering. Under detaljplanlegging av området vil det vere naudsynt å legge til rette for tilstrekkeleg drenering av areal rundt planlagde bygg. Tema ivaretakast gjennom VA-rammeplan.
2	Store nedbørmengder	<ul style="list-style-type: none"> Føresegn om at utarbeida VA-rammeplan må leggst til grunn for vidare detaljprosjektering. Under detaljplanlegging av området vil det vere naudsynt å legge til rette for tilstrekkeleg drenering av areal rundt planlagde bygg. Det må planleggast med tanke på klimaendringar og venta økt nedbørmengder/ekstremhendingar. Tema ivaretakast gjennom VA-rammeplan.
Kritiske samfunnsfunksjonar og kritisk infrastruktur		
4 og 5	Infrastruktur for forsyning av el og bortfall av straum	<ul style="list-style-type: none"> Regulere sikkerheitssone i plankart. Samarbeid med BKK og Statnett ved planlegging, prosjektering, tiltak og drift.
Menneske- og verksemdbasert fare		
6	Ulykke med farleg gods i hamn/på sjø	<ul style="list-style-type: none"> Krav til godkjenning etter hamne- og farvasslova.
7	Ulykke på sjø	<ul style="list-style-type: none"> Regulering av areal til hamneområde i sjø og på land. Krav til godkjenning etter hamne- og farvasslova.
Farar relatert til anleggsarbeid		
10	Ulykker med anleggsgjennomføring/utbygging	<ul style="list-style-type: none"> Krav om inngjerding/sikring av endepunkt for energitunnel i anleggsperioden.
11	Fare for ureining til eller frå akvakulturanlegg	<ul style="list-style-type: none"> Sikra arealbehov til landanlegget med tillat høg grad av utnytting vil gi dei beste føresetnadene for ei kontrollert drift med bufferareal mellom ulike delar av anlegget.
		<ul style="list-style-type: none"> Krav i føresegnene om at produksjonen i oppdrettsanlegget skal gå føre i tråd med kvar tids gjeldande utsløppsløve etter forureiningslova. Gjeld mellom anna utsløpp til vatn, miljøovervaking, utsløpp til luft, avfall og lagring av medisin og kjemikalie.
12	Rømming av fisk frå anlegget	<ul style="list-style-type: none"> Føresegner om fysisk sikring mot rømming.
14	Biogassanlegg – brann, lukt og avfallshandtering	<ul style="list-style-type: none"> Sikre bufferareal rundt byggeformål. Jf. pbl. krav om 4 meters avstand.

Figur 3: Tabell 6.2

TILTAK - Gjennomføringsfase og driftsfase		
Uønskt hendings:	Tiltak:	
Naturgjevne tilhøve/naturhendingar		
3	Sårbar flora, fauna eller fisk, eller verneområde	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Reinsing av slam før utsepp avgrensar risikoen ved utsepp. Dette vert ivareteke gjennom konsesjon. ▪ Rømming av fisk frå anlegget vert ivareteke ved prosjektering av anlegget iht. NS 9416 med tilhøyrande forskrifter. ▪ Auka kunnskap og krav til tiltak for å handtere risiko må gjerast gjennom søknad om konsesjon.
Kritiske samfunnsfunksjonar og kritisk infrastruktur		
4 og 5	Infrastruktur for forsyning av el og bortfall av straum	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Prosjektering iht. Statnetts standardar og krav. ▪ Samarbeid med BKK og Statnett ved planlegging, prosjektering, tiltak og drift. ▪ Planlagde tiltak vert handsama etter energilova om konsesjon for bygging og drift.
Menneske- og verksemdbasert fare		
6	Uluke med farleg gods i hamn/på sjø	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Interne rutinar for handtering av farleg gods. ▪ Avstand mellom hamneområde, fraktrute og bygg med næringsverksemd vil avgrense konsekvensane. ▪ Utarbeiding av beredskapsplan og samordning med lokalt brannvesen. Dette vert ivareteke gjennom gjeldande forskrift om handtering av farleg stoff, der det er krav om beredskapsplikt.
7	Uluke på sjø	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Rutinar for skipstrafikk.
8	Ureina grunn	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Krav frå myndigheiter inn i drift/rutinar ▪ Nærmare undersøking av grunn og sjøbotn med mistanke om funn.
9	Fare for sabotasje, kriminalitet, terrorhandlingar	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Tilgangskontroll til verksemdar. Delar av eksisterande hamn i særleg del av planområdet er ISPS-hamn knytt til Mongstad forsyningsbase. Her er det tilgangskontroll og egne sikkerheitskrav. ▪ Sikre at køyretøy ikkje kan køyre inn til bygningar eller opne plassar utan evt. ekstra kontroll. ▪ Sikre opningar og utsyn til moglege fluktveggar ▪ Interne rutinar/opplæring for handtering av terrorhandlingar
Farar relatert til anleggsarbeid		
10	Uluke med anleggsgjennomføring/utbygging	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Gjennomføring av anleggsarbeidet i samsvar med gjeldande lover og forskrifter. ▪ Båtar og anleggsmaskinar nytta til montering bygd i samsvar med gjeldande krav.
11	Fare for ureining til eller frå akvakulturanlegg	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Auka kunnskap og krav til tiltak for å handtere risiko må gjerast gjennom søknad om konsesjon.
12	Rømming av fisk frå anlegget	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Prosjektering iht. NS 9416 med gjeldande forskrifter.
13	Energitunnel – uluker, brann m.m.	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Utarbeiding av system for handtering av avfall/avrenning frå tunnel. Dette ivaretakast i prosjektering. ▪ Utarbeiding av brannkonsept for tunnel for å hindre spreiding og sikre rømningsveggar. Dette ivaretakast i prosjektering. ▪ Interne sikkerheitsrutinar for energitunnelane.
14	Biogassanlegg – brann, lukt og avfallshandtering	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Unngå at det vert tilrettelagt for opphaldsareal for tilsette/administrasjonsbygg i eller ved biogassanlegg. ▪ Utarbeiding av beredskapsplan og samordning med lokalt brannvesen. Dette vert ivareteke gjennom gjeldande forskrift om handtering av farleg stoff, der det er krav om beredskapsplikt.

Figur 4: Tabell 6.3

Under punkt 1 *Urban flaum / overvatn* frå tabell 6.2 er skildra avbøtande ikkje i samsvar med tabell 1.1 der det står at: «Føresegn om avgrensa bruk av harde flater/komprimering av grunn, og heller permeable dekker og/eller grøntareal på utomhusareal, der det er mogleg.». Tiltaket finn ein ikkje igjen i tabell 6.2.

- Forslagsstillar må fram mot 2 gongs handsaming retta dette både i ROS-analysen og planomtalen, slik at det vert samsvar i innhald ved tabellar i dei ulike plandokument.

Under punkt 12 *Rømming av fisk frå anlegget* frå tabell 1.1 og 6.2, kjem det fram at rømming frå anlegg kan

vera ei uønskt hending og at avbøtande tiltak skal vera «*utforming av føresegner om fysisk sikring mot rømming.*». Dette er ikkje sikra i føresegna og dette er ikkje i samsvar med vurderinga frå nml rapporten kap. 7.2.5 siste avsnitt;

«Landanlegg er generelt svært rømmingssikre, og anlegget vil prosjekterast etter NS-9416 (norsk standard for rømming av fisk) med tilhøyrande forskrifter. Tilsvarande vert lasting/lossing sikra ihht. gjeldande krav. Det er difor ikkje venta at det vert påverknad på vill laksefisk på grunn av rømming frå anlegget.»

- Fram mot 2 gongs handsaming må forslagsstillar vurderer nærare om avbøtande tiltak frå ROS-analysen skal sikrast i plan eller om det er vurderinga frå nml rapporten som skal leggest til grunn i plan.

Elles vurderer rådmannen at dei tiltaka som kjem fram av tabell 1.1 og 6.2 er sikra i plan.

Naturmangfoldrapport (sjå vedlegg 7)

Rapporten går samanfatta gjennom alle undersøkingar, kartleggingar og analyser som er blitt rekvirert frå ulike aktørar i perioden 2009 – 2018. Rapporten vurderer framlegg til reguleringsplan sin påverknad opp mot dei funn som allereie er kartlagt. Rapporten inneheld og vurdering av naturmangfoldlova §§ 8-12.

Når det planens påverknad på landområde (kap. 7.1), trekkast det fram at god massehandtering og omsyn til sjøfugl si hekkeperiode er viktig. Desse momenta er sikra i føresegna § 3.11.2 *Plan for massehandtering* og § 3.9 *Forureining, støy og lukt* bokstav c).

Om tiltak i plan si fysiske påverknad på sjøbotnen (kap 7.2), vurderer forslagsstillar at avbøtande tiltak vert tilstrekkeleg sikra gjennom miljøkrav gitt ved løyver etter sektorregelverk.

Vidare vurderast det frå forslagsstillar at gyteperioda for torsk (februar – april) ikkje vert vesentleg påverka av tiltak i plan. Grunngevinga kjem fram av kap 7.2 og 7.3:

«Med omsyn til gyteområdet for torsk kan legging av sjøleidning vera negativt dersom dette vert gjort i gytetida eller i perioden torskerogna klekkjer. Avstanden til gyteområdet er i overkant av 1 km frå det området der det er sannsynleg at røyrlidningane skal leggest. Det er difor ikkje vurdert at gyteområdet vert påverka av denne aktiviteten.»

«...Det manglar generell kunnskap om korleis gyteområde vert påverka av utslepp av organisk materiale frå


matfiskanlegg. Det er òg uklart i kva grad gytefeltet vert påverka av utsleppet, då utsleppspunkt og straumforhold ikkje er kjent. Det er derfor ikkje mogleg å vurdere påverknaden frå utsleppet på gytefeltet. Det er likevel grunn til å tru at gytefeltet ikkje vert vesentleg påverka av utsleppet, i og med at avstanden er såpass stor.»

- Rådmannen si førebelse vurdering er at det knytt for stor usikkerheit til om tiltak i plan kan ha ein påverknad på gytefeltet eller ikkje. Fram mot 2 gongs handsaming må forslagsstillar vurdere nærare om det kan vera naudsynt å sikra i føresegna at tiltak i sjø ikkje er lov i perioden februar- april. Avbøtande tiltak for gyteperioda er og lista opp i konsekvensutgreiinga på side 55 i vedlegg 5 under kap 7.6.2 siste kulepunkt siste ord.

På bakgrunn av innspel frå offentleg ettersyn vert øvrige tema frå nml rapporten vurdert nærare fram mot og ved 2 gongs handsaming av planforslaget.

Trafikkanalyse (sjå vedlegg 8)

Analysen tek blant anna for seg kva påverknad reguleringsplanen vil ha ved kapasitet på krysset mellom fylkesveg 57 og Storemyra.



Samanfatta er forslagsstillar si vurdering og konklusjon følgjande;

«Det er kun ombygging til rundkjøring som vil gi en akseptabel avvikling i krysset. Imidlertid er dette tiltaket nødvendig primært pga. den planlagte industri- og næringsutbyggingen på Storhamn. Det betyr at en ombygging til rundkjøring må skje uavhengig av det aktuelle planforslaget for landanlegg for oppdrett mm.»

Rådmannen tek trafikkanalysen på noverande tidspunkt til orientering og vil vurdere temaet nærare på bakgrunn av innspel frå offentleg ettersyn.

VA-rammeplan (sjå vedlegg 9)

Det er utarbeidd ei VA-rammeplan datert 2.2.2021, som skal leggjast til grunn for vidare detaljering og byggesakshandsaming. VA-rammeplanen vart sendt til Alver kommune si VVA-avdeling 9.3.2021. Endringar i VA-rammeplan på bakgrunn av uttalen, kjem fram av vedlagt merknadsskjema under punkt 17.

VA-rammeplanen skildrar blant anna løysningar for reinsing, overvatnhandsaming, avrenning, etc. som kan vera relevant å sjå i saman med høyringsinstansar si vurdering av konsekvensutgreidd tema om forureining og klima.

Øvrige vedlegg

Jf. Forskrift om konsekvensutgreiing § 16 still krav om at dei høyringsinstansar som gav innspel til planprogram ved varsel om oppstart og høyring, skal gjerast kjend med fastsett planprogram. Sjå vedlegg 10 for planprogram og vedlegg 13 for vedtak frå kommunestyret i Alver kommune. Vedlegg 11 er merknadsskjema frå varsel om oppstart og høyring. Vedlegg 12 er ei samlefil med alle uttaler som vart sendt inn i samband med varsel om oppstart og høyring av planprogram. Uttalane er sortert i rekkefølge etter plassering i vedlagt merknadsskjema.

Konklusjon

Rådmannen har ingen merknader til planprosessen så langt og vurderer mottatt planmateriale til å ha tilfredsstillande kvalitet for å kunne sendast på høyring og ut til offentleg ettersyn. Vi sluttar oss til hovudformålet med landoppdrett og energitunnellar, samt det planfaglege grepet i planforslaget.

Vedlegg i saken:

12.04.2021	1.Plankart 1av3 A0_26.2.2021	1538485
12.04.2021	1.Plankart 1av3 A0_26.2.2021	1538485
12.04.2021	2.Plankart 2av3 A1_26.2.2021	1538486
12.04.2021	2.Plankart 2av3 A1_26.2.2021	1538486
12.04.2021	3.Plankart 3av3 A0_26.2.2021	1538487
12.04.2021	3.Plankart 3av3 A0_26.2.2021	1538487
12.04.2021	4.Føresegner_26.2.2021_rev2_16.3.2021	1538488
12.04.2021	4.Føresegner_26.2.2021_rev2_16.3.2021	1538488
12.04.2021	5.Planomtale m_KU_9.3.2021	1538489
12.04.2021	5.Planomtale m_KU_9.3.2021	1538489
12.04.2021	6.ROS-analyse_9.3.2021	1538490
12.04.2021	6.ROS-analyse_9.3.2021	1538490
12.04.2021	7.Rapport_NML_9.3.2021	1538491
12.04.2021	7.Rapport_NML_9.3.2021	1538491
12.04.2021	8.Trafikkanalyse_9.3.2021	1538492
12.04.2021	8.Trafikkanalyse_9.3.2021	1538492
12.04.2021	9.VA-rammeplan_2.2.2021	1538493
12.04.2021	9.VA-rammeplan_2.2.2021	1538493
12.04.2021	10.Planprogram_rev-02_19.2.2021	1538494

12.04.2021	10.Planprogram_rev-02_19.2.2021	1538494
12.04.2021	11.Merknadsskjema_oppstart_23.2.2021	1538495
12.04.2021	11.Merknadsskjema_oppstart_23.2.2021	1538495
12.04.2021	12.Samlefil_uttaler oppstart_19.2.2021	1538496
12.04.2021	12.Samlefil_uttaler oppstart_19.2.2021	1538496
12.04.2021	13.Vedtak_fastsett planprogram for Grøn omstilling av Mongstad_25.3.2021	1538497
12.04.2021	13.Vedtak_fastsett planprogram for Grøn omstilling av Mongstad_25.3.2021	1538497